

Møteprotokoll

Utval: **Styret for Ålfotbreen landskapsvernombord**

Møtestad: Stabben, Flora samfunnshus, Florø

Dato: 19.04.2013

Tidspunkt: 10:00 – 12:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ola Tarjei Kroken	Medlem	
Bengt Solheim-Olsen	Medlem	
Nina Klara Grotle	Medlem	
Anita Nybø	Medlem	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Holen	Naturoppsyn
Alf Erik Rørvik	Verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 1/13	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 2/13	Godkjenning av protokoll frå førre møte		
ST 3/13	Ålfotbrean landskapsvernombordet - Søknad om helikopterlandning - Alvar Melvær		2013/1302
ST 4/13	Ålfotbrean landskapsvernombordet - Delegering av mynde til verneområdeforvaltar		2013/1697
ST 5/13	Ålfotbrean landskapsvernombordet - Innsendt brev om informasjonstavle - Roald Solheim		2013/1697
ST 6/13	Ålfotbrean landskapsvernombordet - Fordeling av midlar 2013		2013/1380
ST 7/13	Tiltaksmidlar 2013		
RS 1/13	Orienteringssaker		
ST 8/13	Eventuelt		

ST 1/13 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader

ST 2/13 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Vedtak:

Protokoll frå førre møte vart godkjent utan merknader

Arkivsaksnr: 2013/1302-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 11.04.2013

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Ålfotbreen landskapsvernombord	3/13	19.04.2013

Ålfotbreen landskapsvernombord - Søknad om helikopterlanding - Alvar Melvær

Dokument i saka:

- Søknad om løyve til helikoptertransport frå Alvar Melvær

Søknaden

Alvar Melvær har hytte på Grøndalsstøylen som ligg inne i Ålfotbreen landskapsvernombord. Hausten 2011 vart det frakta inn materialar og ny omn til hytta og det vart skifta omn og gjort litt andre utbetringar, mellom anna tetta ein lekkasje på taket. Det syner seg no at taket framleis har lekkasje, og at det er naudsynt å få fiksa på dette.

Melvær er usikker på kor mykje materialar som må til for å reparere lekkasjen. Dersom det trengs materialar som ikkje kan berast inn til hytta vil Melvær trenge eit helikopterløyve. Han er ikkje sikker på om han treng det, men søker i alle høve om helikopterløyve slik at han har det om det trengs. Dette etter samtale og råd frå verneområdeforvaltar.

Det er søkt om eitt hiv, men kanskje 2 landingar for å få med seg stropper/sekkar på returnen. Flyginga vil verte samkoordinert med andre transportar dersom det er mogeleg. Det er søkt om å få løyve i perioden 1.6. – 15.11.2013

Verneforskrift og regelverk

Motorferdsel er forbode på land og på vatn i landskapsvernområdet, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 5.1. Det er ikkje forbode å fly over med luftfartøy, men landing med luftfartøy vert rekna som «på land» og er derfor i utgangspunktet forbode.

Forvaltningsstyresmakta kan derimot gje løyve til bruk av luftfartøy i samband med transport av material til hytter, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 5.3.e:

Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til naudsynt bruk av båt med motor, lett motorkjøretøy eller luftfartøy i samband med:

[...]

e) *transport av material til vedlikehald og byggearbeid på hytter, bruar, klopper o.l.*

Forvaltningsstyresmakta kan altso gje eit slikt løyve som det er søkt om. Tiltakshavar må sjølv syte føre naudsynte løyver hjå kommune (etter motorferdsellova) og grunneigar.

Vurdering

Det er opna i verneforskrifta for at dei bygningane som står inne i landskapsvernområdet skal kunne haldast ved like og at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorisert transport av materialar og utstyr i samband med dette. Forvaltninga ser det som viktig at det vert lagt til rette for bruk av området gjennom det som ligg der av infrastruktur og bygningar i dag, so lenge det ikkje går på tvers av verneføremål eller skadar verneverdiane.

Når ein først skal transportere utstyr, materialar eller forsyningar til hyttene som står innanfor landskapsvernområdet, er helikopter ofte det einaste alternativet. Dette på grunn at landskaps og klimatiske forhold gjer det veldig vanskeleg å ta seg fram med til dømes snøskuter. I tillegg er helikoptertransport som regel det mest skånsame for naturen og terrenget. Bruk av helikopter set ikkje spor, og det skjer i tillegg veldig raskt. På den måten vert belastninga som motorstøy fører med seg særskilt kortvarig.

Den omsøkte flyginga er i «kanten» av verneområdet, i eit dalføre kor der er fleire bygningar, ein mykje brukt tursti og ei turlagshytte (Blåbrebu). Forvaltaren er ikkje kjend med at der er sårbare naturverdiar som skulle tilseie at ein ikkje kan gje løyve. Men ein bør uansett ta omsyn til turfolk og vere obs på om der kan vere hekkande rovfugl i området. Her er ein registrert reirlokalitet for kongeørn i området, og ein bør derfor ta høgde for at denne kan vere i bruk. Rovfugl er sårbare i hekketida, men etter 1.juli er faren for at eventuell uroing vil få følgjer for hekkinga minimal.

Vurdering opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

Forvaltninga er ikkje kjend med at tiltaket vil ha noko negativ påverknad eller føre til skade på naturmiljøet i området. Området har ikkje villrein, men her kan vere rovfugl. Forvaltaren har vore i kontakt med Fylkesmannen for å få informasjon om rovfugl i dette området. Forvaltning og SNO vil også ha kontakt med kommune og lokale kjentfolk, og SNO kan legge restriksjonar på helikopterflyging dersom omsyn til rovfugl skulle tilseie det. Helikopter har vore nytta tidlegare i dette og omkringliggjande område, utan at forvaltning eller oppsyn har registrert negativ påverknad. Kunnskapsgrunnlaget bygger på tilgjengeleg viten og erfaring og vert vurdert til å vere tilfredsstillande. Føre-var-prinsippet kjem derfor ikkje til bruk her.

Dette er den første søknaden om motorferdsel som vert handsama for landskapsvernombordet i 2013. Sjølv om der i tillegg er eit gyldig fleirårig løyve til helikopterlandning i dette området, er omfanget totalt sett veldig lite. Den samla belastinga må derfor seiast å vere særslig låg og godt innanfor det akseptable. Det er ikkje venta at tiltaket kan føre til miljøforringing, og forvaltninga vurderer det slik at den mest skånsame metoden som er praktisk gjennomførbar vert nytta.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Ålfotbreen verneområdestyre gjev Alvar Melvær løyve til å lande med helikopter ved hytta si på Grøndalsstøylen i Ålfotbreen landskapsvernombord. Løyvet gjeld transport av eitt hiv med helikopter, og det naudsynte talet på landingar ved støylen for å få «levert» det hivet. Løyvet gjeld for perioden 1. juli til 15. november 2013.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet skal vere med under transporten
- Flyginga skal avgrensast til det som er naudsynt, og det skal takast omsyn til natur, miljø og turfolk.
- Statens naturopsyn v/Rune Holen (tlf 975 95 102) skal varslast seinast dagen før transporten finn stad. SNO kan stanse tiltaket dersom omsyn til natur og miljøverdiar krev det.
- Etter gjennomført tiltak skal det sendast rapport til verneområdeforvaltar.
- Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for å få på plass dei naudsynte løyve frå kommune og grunneigar(ar).

Vedtak:

Ålfotbreen verneområdestyre fatta vedtak i tråd med forvaltaren sitt framlegg

Arkivsaksnr: 2013/1697-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 11.04.2013

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Ålfotbreen landskapsvernområde	4/13	19.04.2013

Ålfotbreen landskapsvernområde - Delegering av mynde til verneområdeforvaltar

Dokument i saka:

- Brev fra Miljøverndepartementet om delegering av mynde

Bakgrunn

Etter at ordninga med lokale forvalningsstyre og forvaltarar kom til, har det kome tilbakemeldingar til Miljøverndepartementet (MD) frå fleire styre med ynskje om å kunne delegerere mynde til forvaltar i enkelte saker. Dette for å få ei raskare saksgang og meir straumlinja forvaltning, særleg i motorferdselsaker.

No har MD gjort ei endring i vedtekten for nasjonalpark- og verneområdestyre, slik at det vert opna for å kunne delegerere vedtaksmynde til forvaltar i saker som gjelder verneforskriftene sine dispensasjonheimlar om ferdsel. Punkt nr 6 i vedtekten for styra får følgjande tillegg med endringa:

Styret kan gi forvalteren myndighet til å treffe vedtak i alle saker som gjelder søknad om tillatelse etter verneforskriftenes spesifiserte dispensasjonsbestemmelser om ferdsel.

Det er ikke anledning til å delegerere adgangen til å treffe vedtak etter naturmangfoldloven § 48.

Forvalterens vedtak skal treffes i tråd med naturmangfoldloven, verneforskriftene og eventuell forvalningsplan. Der det ikke foreligger godkjent forvalningsplan skal styret vurdere om det skal gis særskilte retningslinjer for behandlingen av denne typen saker.

Handsaming i styret

Styret må ta stilling til om det skal delegerast mynde til forvaltaren til å gje dispensasjonar for ferdsel innan verneforskrifta sine reglar. Styret må også ta stilling til eventuelle retningslinjer for ei slik delegering.

Ved eventuell delegering bør det takast stilling til:

- Kva typer saker gjeld delegeringa?
- Skal det delegerast mynde til å gje fleirårige løyver?
- Rutiner for varsling/rapportering/godkjenning frå verneområdestyret.

Verneområdeforvaltar vil ikkje kome med noko framlegg til vedtak i denne samanhengen, då det gjeld forvaltaren si eiga rolle og mynde.

Vedtak:

Ålfotbreen verneområdestyre delegerer vedtaksmynde til forvaltaren i saker som omhandlar ferdsel.

Delegering gjeld eittårige løyver som har heimel i verneforskrift for Ålfotbreen landskapsvernområde.

Løyve som vert gjeve skal rapporterast til styret som orienteringssak på neste styremøte.

Arkivsaksnr: 2013/434-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 11.04.2013

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Ålfotbreen landskapsvernombord	5/13	19.04.2013

Ålfotbreen landskapsvernombord - Innsendt brev om informasjonstavle - Roald Solheim

Dokument i saka:

- Brev frå Roald Solheim
- Bilete av informasjonstavle

Bakgrunn

Roald Solheim har sendt inn brev til Ålfotbreen verneområdestyre, der han ber om at styret gjer grep for å få sett opp ei informasjonstavle om landskapsvernombordet og om turstiar mm. på garden Førde i Ålfoten.

Vurdering

Etter opprettinga av landskapsvernombordet har Statens naturoppsyn fått sett opp seks informasjonstavler ved dei viktigaste innfallsportane til verneområdet. Desse informasjonstavlene inneholder generell informasjon om verneområdet og verneverdiane. Det står ei informasjonstavle ved kraftstasjonen i Åskora i Ålfoten, men det står ikkje noko tavle på eller ved Førde.

Oppsetting av informasjonstavle er ikkje av tiltaka som er innmeldt over bestillingsdialogen for 2013, og har derfor ikkje fått tildelt midlar for 2013. Det kan derimot vere eit aktuelt tiltak for styret sine tiltaksmidlar.

Verneområdeforvaltninga har fleire infotavler (sjølvve platte med tekst, kart og biletet) tilgjengeleg som kan settast opp på husvegg eller på andre informasjonstavler.

Styrehandsaming

Styret må diskutere korleis ein skal følgje opp dei innspel og ynskjer som er komne inn i dette brevet.

Vedtak:

Ålfotbrean verneområdestyre vil i denne omgang prioritere dei innfallsportane som allereie vert jobba med.
Styret vil på lengre sikt sjå på og vurdere andre innfallsportar og vurdere tiltak i dei.
Styret vil i første omgang prioritere å sette opp informasjonsskilt på sentrale møtepunkt som bygdesentrum, nærbutikkar og liknande.

Arkivsaksnr: 2013/1380-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyvik

Dato: 11.04.2013

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Ålfotbreen landskapsvernombord	6/13	19.04.2013

Ålfotbreen landskapsvernombord - Fordeling av midlar 2013

Dokument i saka:

- Tildelingsbrev og bestillingsdialogskjema

Bakgrunn

Gjennom bestillingsdialogen har Ålfotbreen landskapsvernombord fått tildelt totalt kr 365.000.

Tildelinga er fordelt slik:

Samlepott for verneområdestyret sine innmeldte tiltak:	220.000
Styret sine tiltaksmidlar:	80.000
Statens naturoppsyn sine tiltak:	<u>65.000</u>
	365.000

Dei innmeldte tiltaka som samlepotten kan fordelast på:

- Kartlegge, skilte og merke rute frå Ålfoten til Gjegnen
- Parkeringsplass ved Åskora
- Utbetre kaia på Mettenes
- Registrering og uttak av framande artar (gran)

I tillegg har vi eit tiltak som vi ikkje fekk gjennomført i fjar, men der vi har planer for 2013, saman med turlag og grunneigarar:

- Rydde, merke og skilte sti frå Hope til Lavesteinen

Tildelinga er noko mindre enn det som vart søkt om. Det vart søkt om totalt 325.000 til verneområdestyret sine tiltak, og tildelt 220.000. Det vil seie om lag 2/3 av det som vart sølt om. Det må og vurderast kor ein skal hente midlar til Hope – Lavesteien i frå, i og med at denne ikkje var med på årets liste.

Styret må ta stilling i kva grad dei skal fordele midlane i samlepotten no, og korleis dei i so fall skal fordelast.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Ålfotbrean verneområdestyre gjer følgjande førebelse fordeling av bestillingsdialogmidlane:

Tiltak	Sum
Kartlegge, skilte og merke rute frå Ålfoten til Gjegnen	30.000
Parkeringsplass ved Åskora	50.000
Utbetra kaia på Mettenes	60.000
Registrering og uttak av framande artar (gran)	60.000
Hope - Lavesteinen	20.000
Totalt	220.000

Verneområdestyret gjev forvaltaren mynde til å gjere justeringar på oppsettet på inn til 10.000. Større endringar enn det kan berre gjerast av styret. Styret kan og supplere tiltaka med styret sine tiltaksmidlar.

Vedtak

Ålfotbrean verneområdestyre fatta vedtak i tråd med forvaltaren sitt framlegg

ST 7/13 Tiltaksmidlar 2013

Ingen innkomne søknader eller framlegg til tiltak.

ST 8/13 Eventuelt

Ingen saker